

91. ¹ Eigen tone

Livets alvor, alvor trengde
Inn paa meg ei stille stund
I da høga, djupa, tenkte
Eg paa livets upphav grund
Tidens krav aa hendingar
Unnarleg for medg det var
Stort i alle vegar.

Far i himlen stille stellar
For vort syn so unnarleg.
Inkje eg aa du kje heller
Kan forklara far sin veg
Faar me noko du aa eg
Kjem det jamt ein annan veg
End so me kun meina.

Sant det er at Gud er eigar
Aa regjerer alt paa jord
Eg aa du ein ringe leigar
Magti vaa den er kje stor
Slegter etter slegt hev sett
Gud er Gud med magt aa rett
Gjennom alle tidar.

Ein aa kvar so vert me saara
Burt i grendi døyr ei mor
Mange gøymer havsens baara
Snart det brenn i stova - flor.
Storm aa vatn joraskreid
Taarur i kvar lid aa leid
Taarur kvar me koma.

Dei hev sett aa me faar sjaa da
Kva er no so feila daa
Nei me sjaa kje soleis paa da
At moralen me kan naa.
Kva vorherra let os sjaa
Aa kva me erfara faa
Gjemg me likasæle.

Paa korleis vorherra stellar
Lat os sjaa med meira *gaum*
Jau sosant det noko gjellar
De kje berre tull aa draum
Gjennom alt aa allesta
Sjaa me Gud so gild aa bra
Aa vis i alt sit yrkje

Kvifor daa kvarare *neksla*
Han er so aa ho er da
Livsens stormar ser du veksla
Noko leida kvar skal ha
Naudi avlar *illalaat*
Her aa dar ein høyre graat
Snart ein sjølv lyt graata.

Færdamenn so vida færast
Faar dei ymse ting aa sjaa
Undrast paa kor alt kan berast
Aa kvar taalmot kjem ifraa
Mangt so er so kjert aa rart
Kjem ifraa os i ein fart.
Saart for arma hjarta

Korleis er det med vorherra
Han so var so vis aa god
Vil han at du so skal væra.
Elsk han ikkje fred aa ro.
Her so vart slik sorg aa naud
Stræv aa bal for daglegt braud
Sjukdom fall aa faare.

Ja ein kunne ditta meina
At ein bere plan var lagt
Han so raade alt aaleina
Aa sat inne med al magt
Ja ei freistast tenkja so
Naar ein ser paa verdo no
Vond i kvar ei *foga*.

Gud aa *hæda* me os vara
Da for ingjen mann gjeng an
Alle hev me klaart erfara
Gud er heilag, feillaus han
Eg er den so hev gjort feil
Du er ikkje feillaus heill
Feilar allesaman.

Give Gud me alle samne
ant aa klaart da syne faa
Me so bera kristennamne
Me let Kristus med os raa.
Syndarar baa læk aa lærd
Rik aa fatig sama værd
I guds heilag auga.

Naar me no er yvertyda
At so skralt da med os er
Kvifor ikkje Jesus lyda
Haar han os so kjerlegt ber
Syndar kom til meg kvar gong
Der er freista aa i trong
Eg kan deg bevare.